



Møteprotokoll frå Fellelsrådsmøte

Desse møtte:

Namn

Gunmar Grimstad
Björg Vartdal Hareide
Lars Sellereite
Kjersti Røyset Topphol
Leidulv Ø. Grimstad
André Gjerde
Greta Sandanger Goksøy
Marit Øien Sæverud
Jan Erik Hovland

Funksjon

leiar
medlem
medlem
nestleiar
prostens representant, sokneprest
1. varamedlem
4. varamedlem
varamedlem kommunal representant
sekretær, kyrkjeverje

Tysdag 14. feb. 2017

kl. 19:00 – 20:30

kyrkjekontoret

Desse møtte ikkje:

Namn

Turid Engen
Hege Tretnes
Wenche Iren Roppen
Lidvar Arne Grimstad
Kristian Fuglseth
Dagfinn Snipsøy
Hallvar Sæverud
Elisabeth Myrene

Funksjon

medlem
medlem
medlem
medlem
kommunal representant
2. varamedlem
3. varamedlem
medlem (permisjon)

7 voterande

Desse sakene vart handsama:

FR 05/17 Godkjenning av innkalling og saksliste
FR 06/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte
FR 07/17 Betalingsregulativ for Hareid sokn 2017
FR 08/17 Fjerne mose på kyrkjegardsmuren
FR 09/17 Elektronisk arkiv – IT-driftsløysingar

Møtet vart leia av fellesrådsleiar Gunmar Grimstad.

Hareid, 04.05.17

Gunmar Grimstad
fellelsrådsleiar

Jan Erik Hovland
sekretær, kyrkjeverje

FR 05/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**Saksutgreiing:**

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 9. februar.

Fellesrådet si handsaming:

Merknad frå André Gjerde om at innkalling bør sendast til varamedlemmane.

Røysting: samrøystes

Vedtak: *Fellesrådet godkjenner innkalling og saksliste.*

FR 06/17 Godkjenning av referat frå førre møte**Saksutgreiing:**

Referat vart sendt ut pr. e-post 18. januar.

Fellesrådet si handsaming:

Merknad frå André Gjerde om at referat bør sendast til varamedlemmane.

Røysting: samrøystes

Vedtak: *Fellesrådet godkjenner referatet.*

FR 07/17 Betalingsregulativ for Hareid sokn 2017**Saksutgreiing:**

Ved ei forgløyning vart ikkje prinsippet om betaling for øving med organist i samband med gravferd og vigsel tatt med utan for dei som ikkje har rett på fri gravferd/vigsel. Dette vart omsnakka i AU si handsaming. Det er eit ynskje å ta betalt for medgått øvingstid til solist-innslag ved alle gravferder og vigler – dette er praksis i Ulstein sokn.

Det manglande avsnittet lyder:

«For eventuell bruk av organist til speling saman med solist ved gravferd og vigsele skal brukar av tenesta betale kr. 590,- pr. påbegynt time av medgått tid til øving saman med solist, og for ekstraordinær øving som organisten sjølv må ha for å framføre det aktuelle stoffet.»

Fellesrådet si handsaming:

Røysting: Samrøysta.

Vedtak: *Fellesrådet vedtek å føya avsnittet om betaling for øving med organist som presentert i saksutgreiinga til punkt 2 i Betalingsregulativ for Hareid sokn 2017.*

FR 08/17 Fjerne mose på kyrkjegardsmuren**Saksutgreiing:**

Kultursjef i kommunen, Oddbjørn Grimstad, har fått ei førespurnad frå nokon som ynskjer å fjerne mosen på kyrkjegardsmuren på dugnad. Er dette noko vi ynskjer? Det er ei viss risiko for at muren kan ta skade ved reinsinga. Er det fint med mose? Vil vi arbeide for å halde den fri for mose? Skal saka sendast til kyrkje- og kyrkjegardsutvalet?

Fellesrådet si handsaming:

Lars Sellereite: Det er HAFEST som har komen med førespurnaden, ei gruppe som ønskjer å forskjønne Hareid sentrum. Det er snakk om å bruke eit stoff som dreper mosen, og som ved regnfall vaskar vekk mosen. Dette er skånsamt for muren.

Björg Vartdal Hareide: Det er lurt å gjere det når mosen er laus.

Leidulv Grimstad: Fellesrådet bør takke ja til dette, men såg også at dei fjerne trea langs muren som gjer at det veks så mykje mose. Saka bør handsamast vidare av kyrkje- og kyrkjegardsutvalet.

Røysting: samrøysta.

Vedtak: *Fellesrådet godkjenner eit slikt arbeid dersom muren ikkje tek skade av det. Fellesrådet delegera til Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet å innhenta detaljar kring arbeidet og å vurdere skadepotensialet.*

FR 09/17 Elektronisk arkiv

Vedlegg: FR0917a Prisar arkivsystem.pdf

Saksutgreiing:

Dagens arkivløyising er papirbasert, og svært gamaldags og tungvindt. Det er eit sterkt ynskje frå administrasjon og prestekontor å få ei elektronisk løyising som er praktisk og meir moderne, og som gjer det lettare å overhalde dei lovar og reglar kring arkiv og offentlegheit vi er pålagt.

Vanlegvis vil ei slik løyising koste 2-300.000 kr, men Kirkepartner IKT AS har forhandla fram ei rammeavtale gjennom offentleg anbod som er prisgunstig og marknadsledande for arkivsystem, og med ein prismodell som tar omsyn til små og store fellesråd.

Fellesrådet si handsaming:

Björg Vartdal Hareide: Tenesteytingsavtalen med kommunen er prissett og kan utgjøre økt løyve ved oppseiing.

Leidulv Grimstad: Det meste av korrespondansen er digital, og det er tungvindt å skrive ut for å arkivere det.

Greta Sandanger Goksøyr: Korleis påverkar dette fagsystema?

Kyrkjeverja orienterte om samanhengen mellom IKT-løyising, e-post-teneste, nytt arkivløyising, og forhold til fagsystema.

Røysting: samrøysta.

Vedtak: *Fellesrådet tek orienteringa til vitande, og ber kyrkjeverja greie ut vidare økonomiske konsekvensar for drifta og tenesteytingsavtalen med kommunen.*